



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
01.02.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/177 632.4
Dykkar referanse
«REF»

Hordaland fylkeskommune
Kommunane i Hordaland

Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg - Kap.225 post 64

Fylkesmannen i Hordaland viser til retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet 2014 i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og tilhøyrande *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Retningslinjene tredde i kraft 15. november 2014, og gjeld inntil nye retningslinjer blir fastsett.

Målet for ordninga er å bidra med finansiering til kommunar og fylkeskommunar slik at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskoleopplæring og /eller vidaregåande opplæring jf.§§ 2-1 VA-1 tredje ledd og 3-1 tolvte ledd. Tilskotsordninga omfattar òg barn og unge i akuttmottak.

Tilskotet vert utbetalt etterskotsvis for skuleåret 2016/2017 - to gonger i året:

- Første utbetaling: Tilskotet for hausthalvåret vert utbetalt i februar/mars.
- Andre utbetaling: Tilskotet for vårhalvåret vert utbetalt i august/september.

Tilskotet vert utbetalt for hausten med 4 månader i følgjande budsjettår og 6 månader på våren etter avslutta skuleår.

Tilskotet blir fastsett på bakgrunn av kor mange barn og unge som er i målgruppa den 1. i kvar måned. jf. retningslinjene pkt.3.

- Grunnskoleopplæring av barn og unge asylsøkjjarar i mottak, dei som bur privat og av dei som søker familiegjeforeining kr. 85 039 per barn per år eller kr. 8 504 per barn per måned i 10 månader.
- Grunnskoleopplæring av einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter og dei som bur privat kr. 185 055 per barn per år eller kr 18 506 per barn per måned i 10 månader.
- Vidaregåande opplæring av unge asylsøkarar i mottak, omsorgssenter og dei som bur privat. Gjeld og dei som søker familiegjeforeining på kr. 195 539, - eller kr. 19 554 per måned i 10 månader.

Skjema til Utdanningsdirektoratet skal nyttast ved krav om utbetaling for haust og vår halvåret 2016/17 for barn og unge i asylmottak/omsorgssenter/privat. Sjå lenke. Vi tek atterhald om eventuelle endringar. Det er viktig at søknadane inneheld alle opplysningar, og det er viktig at etterslep ikkje førekjem - jf. retningslinjene pkt. 7.2.

Frist for hausthalvåret 10 .februar 2017
Frist for vårhalvåret 10. august 2017

Med helsing

Anne Hjermann
Utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
Seniorkonsulent

<https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/opplaring-til-barn-og-unge-som-soker-opphold-i-norge/>

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.